

Helse Vest
Postboks 303 Forus

4066 STAVANGER

Mottatt HV RHF**24 NOV 2005**

Avdeling	Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
	008	Arkivsnr.: 05/01370 L.nr: 007281/05		21.11.2005

Sakshandsamar: Tove Hovland /gh tlf:dir.: 95 96 04 49 E.post: tove.hovland@helse-forde.no

OVERORDNA SAMORDNING AV RANDSONEUTFORDRINGAR I HELSE VEST

Helse Førde er i gang med å utarbeide strategiar for utvikling av lokalsjukehusfunksjonen for våre tre sjukehus. Vi har også motteke høyringsutkastet "Strategi for utvikling av Voss sjukehus frem mot 2020" frå Helse Bergen.

Strategiane for Voss sjukehus er grundige og godt gjennomarbeida også med omsyn til å diskutere pasientgrunnlag i randsona mellom Helse Bergen og Helse Førde. Vi meiner det er naturleg at ei slik vurdering vert gjort i alle helseføretaka når ein skal lage langsiktige strategiar.

Vi ønskjer at Helse Vest involverer seg og bidreg til å styre strategiutviklinga i høve til utfordringar i randsona til lokalsjukehusområda. Vi meiner det ikkje er effektiv utnytting av ressursane, eller tener pasientane i Helse Vest at to lokalsjukehus og to helseføretak i sama føretaksområde planlegg 15 års strategiar "uavhengig" av kvarandre. Helse Førde meiner det svekkar prosessane. Vi trur at det kan gi betre resultat om Helse Vest går inn i randsonediskusjonar mellom helseføretaka.

Helse Førde har tre sjukehus med lokalsjukehusfunksjonar og eitt nærsjukehus. For å sikre samordning og rett prioritering har vi sett ned eit styringsgruppe på Helse Førde-nivå som skal ha det overordna ansvaret for prosjektet "Heilskaplege strategiar for utvikling av lokalsjukehusfunksjonen for sjukehusa i Helse Førde".

Helse Førde har etablert ei strategigruppe for Lærdal sjukehus, og i samband med dette arbeidet ynskjer vi å drøfte med Helse Vest korleis naudsynt dialog og informasjonsutveksling mellom helseføretaka kan ivaretakast.

Med helsing



Jon Bolstad
adm.direktør

Tove Hovland
seniorrådgjevar

Kopi:

- Helse Bergen, Foretakssekretariatet
- Helse Stavanger, Foretakssekretariatet
- Helse Fonna, Foretakssekretariatet